



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 18.05.2016
Tid: 14:00 – 18:20

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordfører	H
Agnar Aarskog	Varaordfører	AP
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Arne Prestbø	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Terje Træet	Arne Prestbø	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef (i sak PS 35/16)
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef

Wenche Tislevoll
Ordfører

Sigurd André Maraas

Dagfinn Brekke

Bente Fitjar
møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 32/16	Godkjenning av protokoll	
PS 33/16	Fitjar Fjordhotell AS - søknad om utvida skjenketid utandørs i samband med revyframsyningar	
PS 34/16	Uravrøysting tariff og lokale forhandlingar	
PS 35/16	Årsmelding og årsrekneskap 2015	
PS 36/16	Finansforvaltningsrapport 1.tertial 2016	
PS 37/16	Verknad av nytt inntektssystem	
PS 38/16	Najonal transportplan	
PS 39/16	Søknad om fritak for eigedomsskatt for 2016	X
PS 40/16	Ymse	
PS 41/16	Meldingar	

Formannskapet innleia møtet med synfaring i Håkonar næringspark i Årskog.

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

Johannes Sandvik orienterte formannskapet om status for prosjekt Kongsgarden, historisk formidlingscenter.

PS 32/16 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 18.05.2016:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 33/16 Fitjar Fjordhotell AS - søknad om utvida skjenketid utandørs i samband med revyframsyningar

Framlegg til vedtak/tilråding:

For Fitjar Fjordhotell AS sitt skjenkeløyve gjeld følgjande på datoane 28.05, 03.06, 04.06, 10.06, 11.06, 17.06, 18.06, 24.06 og 25.06: Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke utandørs må opphøyra seinast 30 minuttar etter at skjenketida er slutt.

Behandling i Formannskapet - 18.05.2016:

Representanten Sigurd André Maraas (FRP) hadde meldt inn følgjande framlegg til vedtak:

For Fitjar Fjordhotell AS sitt skjenkeløyve gjeld følgjande på datoane 28.05, 03.06, 04.06, 10.06, 11.06, 17.06, 18.06, 24.06 og 25.06: Skjenkeløyvet vert utvida på desse datoane fra kl. 23.00 til kl. 00.00 som Fitjar Fjordhotell har søkt om.

Liknande søknader kan i framtida behandlas administrativt innafor de rammer som dette vedtaket gjev.

Representanten Sigurd André Maraas (FRP) la føre følgjande endring av sitt framlegg til vedtak i møtet:

For Fitjar Fjordhotell AS sitt skjenkeløyve gjeld følgjande på datoane 28.05, 03.06, 04.06, 10.06, 11.06, 17.06, 18.06, 24.06 og 25.06: Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke utandørs må opphøyra seinast 1 time etter at skjenketida er slutt.

Rådmann Atle Tornes la føre følgjande tillegg til administrasjonen sitt framlegg: Vedtaket er gjort etter heimel i kommunelova § 13.1.

Ved røysting fekk administrasjonen sitt framlegg, med tillegg, 4 røyster (H, KRF og AP). Endra framlegg frå FRP fekk 1 røyst (FRP), og fall. Det ligg etter dette føre slikt;

Vedtak: (4 røyster (H, KRF og AP) mot 1 røyst (FRP))

For Fitjar Fjordhotell AS sitt skjenkeløyve gjeld følgjande på datoane 28.05, 03.06, 04.06, 10.06, 11.06, 17.06, 18.06, 24.06 og 25.06: Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke utandørs må opphøyra seinast 30 minuttar etter at skjenketida er slutt. Vedtaket er gjort etter heimel i kommunelova § 13.1.

PS 34/16 Uravrøysting tariff og lokale forhandlingar

Framlegg til vedtak/tilråding:

1. Fitjar kommune røyster for tilrådt forhandlingsresultat i kommunesektoren.
2. Ordførar leiar lokale forhandlingar (kap. 3 og 5) for Fitjar kommune, rådmannen peikar ut resten forhandlingsutvalet.
3. Ordførar får fullmakt til endeleg godkjenning av resultatet på Fitjar kommune sine vegner.
4. Det er ei målsetnad at lønsoppgjeret i kapitla med berre lokal lønsdanning (3 og 5) som hovudregel får om lag lik prosentvis utvikling som arbeidstakarane i det sentrale forhandlingskapitelet (om lag 2,4 prosent).
5. Resultatet blir lagt fram for formannskapet når forhandlingane er ferdige.

Behandling i Formannskapet - 18.05.2016:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 35/16 Årsmelding og årsrekneskap 2015

Framlegg til vedtak/tilråding:

Fitjar formannskap rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2015.

Fitjar kommunestyre vedtek å sette av rekneskapsmessige mindreforbruk på drift med 3.665.667,- til disposisjonsfondet.

Fitjar kommunestyre vedtek å dekke årets rekneskapsmessige meirforbruk på

investering med 171.109,- av disposisjonsfondet.

Behandling i Formannskapet - 18.05.2016:

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka.

Tilråding: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2015.

Fitjar kommunestyre vedtek å sette av rekneskapsmessige mindreforbruk på drift med 3.665.667,- til disposisjonsfondet.

Fitjar kommunestyre vedtek å dekke årets rekneskapsmessige meirforbruk på investering med 171.109,- av disposisjonsfondet.

PS 36/16 Finansforvaltningsrapport 1.tertial 2016

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre tek finansforvaltningsrapporten til vitande.

Behandling i Formannskapet - 18.05.2016:

Tilråding: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre tek finansforvaltningsrapporten til vitande.

PS 37/16 Verknad av nytt inntektssystem

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 18.05.2016:

Sakstilfanget vart sendt til medlemmane på iPad før møtet.

Økonomisjef Trond Salmo orienterte om saka, og svara på spørsmål frå formannskapet.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet tek saka til vitande.

PS 38/16 Nasjonal transportplan

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune gir ikkje eigen uttale til NTP 2018-29.
Kommunen sluttar seg til uttalen frå samarbeidsrådet dagsett 18. mai 2016.

Behandling i Formannskapet - 18.05.2016:

Sakstilfanget vart sendt til medlemne på iPad før møtet.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) og rådmann Atle Tornes orienterte om saka. Formannskapet drøfta saka.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet stiller seg bak uttalen frå Samarbeidsrådet til Hordaland Fylkeskommune, og kjem attende med eigen uttale innan 01.07.16.

PS 39/16 Søknad om fritak for eigedomsskatt for 2016

PS 40/16 Ymse

Behandling i Formannskapet - 18.05.2016:

Orienteringar frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

- Landssamanslutninga for norske vindkraftkommunar
- Skulebruksplan – forslag om å leggja ned Fitjar vidaregåande skule. Ordføraren oppmodar medlemne i formannskapet om å jobba aktivt gjennom sine parti for at skulen vert oppretthaldt i Fitjar.
- Trafikksikringstiltak fylkesvegar – Fitjar kommune har fått tildelt:
 - Gateljos Heiabrekko, 500.000,-
 - Fartsdempande tiltak mellom Vestbøstad I og II, 300.000,-.

Rådmann Atle Tornes orienterte om status for arbeidet med asfaltering i Midtfjellet.

PS 41/16 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 18.05.2016:

Meldt i møtet:

Skatteinngang april 2016

Rekneskap 1. kvartal

Eigedom i Årskog (ikkje off.)

Ass. rådmann Andreas Moe Larsen presenterte Kommunebarmometeret 2016, og gjorde greie for innhaldet i dette.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.